

# PLANFØRESEGNER TIL KOMMUNEDELPLAN FOR MOTORFERDSEL I LOM KOMMUNE

Vedteke av Lom kommunestyre 14.10.2003, med endringar vedteke 28.04.2011

Planføresegnene er heimla i Forskrift om vedtekter for forsøksprosjektet *Ny forvaltningsordning for motorferdsel i utmark og på islagte vassdrag* i Lom kommune. Forskrifta er oppretta med heimel i Forsøkslova av 01.03.1993, vedteke av kommunestyret 21.06.2001 og godkjent av Kommunal- og Regionaldepartementet 17.09.2001

***Kommunedelplan for motorferdsel gjeld heile kommunen – også innan dei områda der eksisterande kommunedelplan eller reguleringsplan framleis skal gjelde framfor arealdelen. Desse planområda er klassifisert som sone C.***

## **1. SONE A – OMRÅDE VERNA ETTER NATURVERNLOVA**

I sone A gjeld same reglar som fastsett i verneforskrift knytt til det enkelte området:

### **1.1 Jotunheimen nasjonalpark** (verneforskrift av 5. desember 1980)

Utdrag av verneforskrifta pkt. 5 – punkt som gjeld område innan Lom kommune:

- *Motorferdsel til lands og på vatn og landing med luftfarty er forbode unnateke til ambulanse-, rednings-, brannvern-, oppsyns-, forvaltnings- og politiformål.*
- *Forbodet gjeld ikkje:*
  - *Motorferdsel i samband med tilsyn og vedlikehald av Årdal og Sunndal Verk a/s sine reguleringsanlegg i Utladalsområda når ferdselelen skjer på vinterføre, på vegen i Gravdalen eller med luftfarty.*
  - *Visse former for motorferdsel til forsvarsformål når dette er nødvendig i samband med operative eller vernebuingstiltak, og når forvaltningsstyresmakta er varsla på førehand.*
  - *Motorferdsel på vegen i Gravdalen i samsvar med reglar vedtekne av Gudbrandsdal skogforvaltning.*
- *Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til motorferdsel på vinterføre, på veg også på sommarføre, i vassdrag og bruk av luftfarty for:*
  - *Køyring i samband med bufe- og tamreindrift, anna landbruksdrift, utøving av bruksrett og fiskekultivering.*
  - *Transport av materiale til hytter, klopper, bruer o.l. og av brensel, proviant og utstyr til hyttene.*
  - *Køyring for utføring av sikringstiltak, t.d. merking av løyper.*
  - *Køyring i andre naudsynte tilfelle der særlege grunnar ligg føre.*

### **1.2 Smådalsvatni naturreservat** (verneforskrift av 12.10.1990)

*Motorisert ferdsel på vatn og på land og lågtflyging under 800 fot over reservatet er forbudt, (under dette høyrer også bruk av modellbåtar og modellfly).*

*Dette er likevel ikkje til hinder for motorisert ferdsel på frosen og snødekket mark etter lov om motorferdsel i utmark og vassdrag og kommunale planføresegner for motorferdsel.*

### **1.3 Risleimøyi naturreservat** (verneforskrift av 12.10.1990)

*I den isfrie delen av året er motorisert ferdsel på vatn og lågtflyging under 800 fot forbudt, (under dette høyrer også bruk av modellbåtar og modellfly). Dette er likevel ikkje til hinder for bruk av motorbåt når farten er under 5 knop og det blir synt spesiell aktsemd overfor fuglelivet.*

#### **1.4 Åsjo naturreservat** (verneforskrift av 12.10.1990)

*Motorisert ferdsel på vatn og på land og lågtflyging under 800 fot over reservatet er forbudt, (under dette høyrer også bruk av modellbåtar og modellfly).*

- 1.5 Forvaltningsstyremakta kan når særlege grunnar ligg føre gje dispensasjon frå verneforskriftene. Ved dispensasjon innan verneområda skal forvaltningsstyremakta konferere med kommunen på førehand, for tilsvarande dispensasjon i medhald av pkt. 9 i desse føresegnene.

## **2. SONE B – SÅRBARE OMRÅDE, VINTER**

I sone B er motorferdsel på vinterføre tillate i samband med:

- 2.1 Direkte løyve i medhald av § 4 første ledd (bokstav a – f) i motorferdsellova

- a. *"politi-, ambulanse- og redningstjeneste og oppsyns- og tilsynstjeneste etablert med hjemmel i lov*
  - b. *offentlig post- og teletjenester*
  - c. *nødvendig person- og godstransport til og fra faste bosteder og i jordbruks-, skogbruks- og reindriftsnæring. Jakt, fangst, fiske og bærsanking reknes ikke som næring i denne forbindelse*
  - d. *forsvarets øvelser, forflytninger og transporter*
  - e. *anlegg og drift av offentlige veger og anlegg*
  - f. *rutetransport som drives med løyve i henhold til yrkestransportloven*
- Departementet kan ved forskrift gi også andre tillatelser til motorferdsel."*

- 2.2 Nødvendig transport i samband med anlegg og drift av kraftforsyningsanlegg

- 2.3 Nødvendig transport i samband med fiskekultiveringstiltak i offentlig regi.

- 2.4 Nødvendig transport i samband med vitskaplege undersøkingar, medrekna dyreteljingar og liknande registreringar i offentlig regi

- 2.5 Leigekjøring i samsvar med avtale.

- 2.6 I sone B gjeld følgjande innskrenking i høve vedtekta § 5: transport av jaktutbytte ved jakt på elg og hjort og vedtransport er i utgangspunktet forbode innan sårbare område B, og kan berre skje i medhald av dispensasjon ved særskilde grunnar.

## **3. SONE B – SÅRBARE OMRÅDE, BERRMARK**

I sone B er motorferdsel på berrmark tillate i samband med:

- 3.1 Direkte løyve i medhald av § 4 første ledd (bokstav a – f) i motorferdsellova

- a. *"politi-, ambulanse- og redningstjeneste og oppsyns- og tilsynstjeneste etablert med hjemmel i lov*
- b. *offentlig post- og teletjenester*
- c. *nødvendig person- og godstransport til og fra faste bosteder og i jordbruks-, skogbruks- og reindriftsnæring. Jakt, fangst, fiske og bærsanking reknes ikke som næring i denne forbindelse*
- d. *forsvarets øvelser, forflytninger og transporter*
- e. *anlegg og drift av offentlige veger og anlegg*

*f. rutetransport som drives med løyve i henhold til yrkestransportloven  
Departementet kan ved forskrift gi også andre tillatelser til motorferdsel.”*

3.2 Nødvendig transport i samband med anlegg og drift av kraftforsyningsanlegg

3.3 Nødvendig transport i samband med fiskekultiveringstiltak i offentlig regi

3.4 I sone B gjeld følgjande innskrenking i høve vedtekta § 5: transport av jaktutbytte ved jakt på elg og hjort og vedtransport er i utgangspunktet forbode innan sårbare område B, og kan berre skje i medhald av dispensasjon ved særskilde grunnar.

#### **4. SONE C – VINTERFØRE**

I sone C er motorferdsel på vinterføre tillate i samband med følgjande formål:

4.1 Formål som nemnd i motorferdselslova § 4 første ledd

4.2 Transport av jaktutbytte ved jakt på elg og hjort

4.3 Nødvendig transport i samband med fiskekultiveringstiltak i offentlig regi

4.4 Nødvendig transport i samband med anlegg og drift av vegar og større anlegg

4.5 Transport som er nødvendig for drift av turistanlegg (overnattings- og serveringsstader, skiheisar m.v.) som ikkje ligg ved brøytt bilveg. Motorferdsel etter pkt. 4.5 gjeld nødvendig transport av varer, utstyr og personale. Transport av gjester gjeld berre for overnattingsgjester til bedrifter langt unna veg, dersom transporten er nødvendig for å oppretthalde drifta av staden. Transport av gjester ut i turterreng er ikkje lov.

4.6 Nødvendig transport av materialar, utstyr og arbeidsfolk til bygging i samsvar med byggjeløyve

4.7 Opparbeiding og preparering av skiløyper og skibakkar for allmenta og for konkurransar, når det blir utført av kommunar, hjelpekorps, idrettslag, turlag eller turistbedrifter. Motorferdsel etter pkt. 4.7 føreset førehandsmelding til kommunen om løypestrasé.

4.8 Nødvendig transport i samband med vitenskaplege undersøkingar, herunder dyreteljningar og liknande registreringar, etter oppdrag frå forskningsinstitusjon.

4.9 Nødvendig transport av ved, etter førehandsmelding til kommunen.

4.10 Kjøring for varig funksjonshemma er tillate etter melding/dokumentasjon og avtale med kommunen om aktuelle område/traséar.

4.11 Leigekjøring i medhald av skriftleg avtale med kommunen, for følgjande formål:

- transport mellom bilveg og hytte
- tilsyn med privat hytte etter oppdrag frå eigar
- transport for massemedia på reportasjeoppdrag
- transport av funksjonshemma
- transport av ved

- transport etter dispensasjon i medhold av føresegnene pkt. 9.

## **5. SONE C – BERRMARK**

I sone C er motorferdsel på berrmark tilate i samband med følgjande formål:

- 5.1 Formål som nemnd i motorferdsellova § 4 første ledd
- 5.2 Transport av jaktutbytte ved jakt på elg og hjort
- 5.3 Nødvendig transport i samband med fiskekultiveringstiltak i offentleg regi
- 5.4 Nødvendig transport i samband med anlegg og drift av veger og større anlegg
- 5.5 Nødvendig transport av ved, etter førehandsmelding til kommunen.

## **6. REGLAR FOR BRUK AV MOTORFARTY PÅ INNSJØAR/ VASSDRAG**

- 6.1 På vatn/ vassdrag under 2 km<sup>2</sup> er det ikkje tillate å bruke motorbåt eller båt med påhengsmotor.
- 6.2 På øvrige vatn/ vassdrag utanom verneområde er det lov å nytte motorbåt med motor inntil 10 hk.
- 6.3 Forbod mot bruk av vass-scooter o.l.: Det er ikkje høve til å nytte vass-scooter, vassjet, aquabike eller liknande farkostar på noko vatn eller vassdrag innan Lom kommune.

## **7. REGLAR FOR LANDING MED LUFTFARTØY**

Bruk av luftfarty skjer med heimel i lov, eller etter dispensasjon gjeve av kommunen.

## **8. LEIGEKJØRING**

Leiekjørarar skal nyttast i størst mogleg grad. Løyve for leigekjøring blir gjeve av det faste utvalet for plansaker for fire år om gongen, etter offentleg utlysing av ordninga. Dispensasjon for enkeltpersonar utanom formåla vedtransport og kjøring for personar med *varig* funksjonshemming skal ikkje gjevast, men visast til leigekjørarordning.

## **9. DISPENSASJON**

Når særlege grunnar ligg føre, kan rådmannen etter søknad gje dispensasjon frå reglane i planføresegnene. Behandling av dispensasjon frå arealdelen skjer etter § 7 i plan- og bygningslova (jfr. § 6 i forskrift til vedtektene for forsøksprosjektet).

## **10. ANDRE REGLAR**

- 10.1 Motorferdsel som er direkte tillate (dvs. utan søknad) skal om mogleg følgje traktorveg, skogsveg eller eldre kjørespor. Lov i B- og C-sone: i sone A gjeld verneforskrifter.
- 10.2 Grunneigar har rett til å nekte motorferdsel over egen eigedom (ML § 10).
- 10.3 Kjøringa skal foregå utan fare for skade eller ulempe for friluftsliv (turgåing m.m.), naturvern, plante- og dyreliv, kulturminnevern, vilt, reindrif og naturmiljø (ML § 8).

## **11. KLAGE**

For klage over vedtak etter desse vedtektene gjeld reglane i Plan- og bygningslova § 15, med følgjande endring: For vedtak om dispensasjon i medhald av pkt. 9 er klageinstans kommunestyret, eller etter vedtak særskild klagenemnd oppnemnd av kommunestyret.